

Notat

Dato: 07.01.2015
Arkivsak: 2015/157-2
Saksbehandlar: Endre Korsøen

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppsummering av søknader etter tildelingsforskriftene i Akvakulturlova i 2014

I sak 186/10 Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune vart vedtaksmynde etter Akvakulturlova sine tildelingsforrifter delegert til Fylkesrådmannen. Same dag i sak 209/10 Havbruksforvaltning m.m. i Hordaland fylkeskommune- orientering, vart det sagt at vedtaka skulle rapporterast halvårleg til fylkesutvalet.

Fylkeskommunane si sakshandsaming gjeld tildeling av nye og endring i eksisterande løyve, og all klarering av lokalitetar.

Hovuddelen av søknadane gjeld oppdrett av laks og aure i sjøvatn. Av til saman 60 søknader som er slutthandsama i fylkeskommunen i 2014 tilhøyrar 54 denne kategorien. Søknader om oppdrett av marine artar og skjel frå kommersielle aktørar er tilnærma fråverande.

Ser ein på kva det vert søkt om kan søknadene om oppdrett av laks og aure i sjøvatn delast i to kategoriar; endringar på eksisterande godkjente lokalitetar og nye lokalitetar. Nye lokalitetar utgjer om lag 10 %.

Søknadane om endringar på eksisterande godkjent lokalitetar kan oppdelast i følgjande fire typar:

1. Utviding av maksimal tillaten biomasse (auka produksjonskapasitet på lokaliteten ved bruk av eksisterande anleggsutstyr).
2. Utviding av maksimal tillaten biomasse og endra arealbruk (auka produksjonskapasitet og mest vanleg utskifting til meir arealkrevjande anlegg).
3. Endra arealbruk (mest vanleg utskifting til meir arealkrevjande anlegg)
4. Samlokalisering utan biomasse- og arealbruksendring (Nye løyve på lokaliteten utan endring i produksjonskapasitet og ved bruk av eksisterande anlegg).

Det er ei relativ jamn fordeling i tal søknader mellom desse fire kategoriane.

I 2014 har Hordaland fylkeskommune fatta 60 vedtak etter tildelingsforskriftene i Akvakulturlova.

Desse er fordelt slik:

- 40 oppdrett av matfisk av laks og aure
- 6 oppdrett av settefisk av laks og aure
- 3 oppdrett av stamfisk av laks
- 4 oppdrett av laks og aure til forskning
- 2 oppdrett av laks og aure i slaktemerd
- 5 oppdrett av tare/sekkedyr
- Motteke 58 nye søknader
- Kvalitetssikra og send 44 søknader på høyring
- Av vedtaka er 56 løyve, 5 avslag og 4 løyve areal og avslag MTB.
- Pr.31.12.2014 registret 21 søknader som er til handsaming
- Motteke 11 klager, og send desse til sektormynde/klageinstansen

I vedlagt tabell viser vi meir detaljert; søkjar, art, kommune, lokalitet og kva saka gjeld for søknader som er ferdig handsama i 2014. Sortert etter heimkommunen til lokaliteten.